



Vår dato:

29.03.2019

Vår ref:

2019/526

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Kontakt saksbehandlar
Rune Lian, 51568754

Nasjonal jordvernpris 2019 - forslag frå Rogaland

Vi viser til VØI for 2019 og brev datert 13.01.2017 der vi blir bedt om å sende inn eit grunngjeve forslag på kandidatar til nasjonal jordvernpris.

Vi har via vår nettstad og Facebook-side oppmoda folk til å kome med forslag til kandidatar, men det har ikkje kome forslag som vi finn å nominere. Vi har ut i frå vår kjennskap diskutert oss gjennom fleire kandidatar blant kommunane i Rogaland, og vi har kome fram til at vi vil foreslå **Randaberg kommune** som kandidat.

Randaberg kommune er landets minste landkommune, men blir ofte trekt fram som ein svært viktig jordbrukskommune. Jordbruksareal utgjer 62 % (14.831 dekar) av kommunen sitt landareal, kor fulldyrka jord utgjer 54 % (13.018 dekar). Jordsmønn, klima og produksjonsmiljø gjer kommunen til ein viktig jordbrukskommune med særleg vekt på veksthus, grønsaker på friland og mjølk som dei viktigaste produksjonane. Verdiskapinga i jordbruket i Randaberg var i 2017 på 86 mill. kr.

Samstundes er kommunen ein vekstcommune, og ligger i ein region som dei siste åra hatt stor befolkningssauke. Vidare er kommunen attraktiv for næringsetableringar. I forlag til ny kommuneplan er det tydelege mål for landbruksnæringa gjennom å sikre jorda som produksjonsgrunnlag for landbruksnæringa og nyskapande næringsutvikling på gardane, på basis av gardens naturgitte, sosiale og kulturelle ressursar.

Kommunen sin visjon er «Sammen skaper vi den grønne landsbyen». Ut i frå denne visjonen har kommunen jordvern og dei grøne verdiar høgt på dagsorden. Store delar av jordbruksarealet er markert som regionalt grøntdrag, og slik sett har jordvernet god allianse med andre interesser. I arbeidet med ny kommuneplan, som no er i sluttfasen, er det gjort fleire viktige grep for å styre veksten med mål om minst mogleg omdisponering av dyrka og dyrkbar jord.

I arealstrategien i forslag til ny kommuneplan kan vi blant anna lese:



- **Ta vare på det grønne.** Vi skal redusere nedbygging av landbruksjord og utnytte arealer som allerede er utbygd bedre. Vi vil også skape enda bedre muligheter for at folk kan ta i bruk grønne kvaliteter som natur og friluftsliv.
- **Sikre god arealutnyttelse,** for å unngå bruk av matjord, skape mer nærhet og mindre transportbehov.
- **Støtte opp om kollektivtrafikken.** Prioritere utbygging i sentrum og nær kollektivaksen.
- **Samle kraften i sentrum.** For å få liv og aktivitet i sentrum, kan vi ikke legge til rette for detaljhandel og aktivitet alle andre steder.
- **Bygge opp om det som er spesielt for Randaberg.** Vi vil bygge på Randabergs identitet som en levende landsby og ta vare på natur- og kulturlandskapet.

Kommunen har i forslag til kommuneplan flytta langsiktig grense for landbruk slik at om lag 400 dekar fulldyrka jord blir liggande på «jordbruksida» av grensa. Vidare blir det ikkje lagt inn nye bustadområde på jordbruksjord, men ei planlegging for effektiv utbygging innanfor eksisterande byggeområde. Sentrum er prioritert med fokus på å styrke eksisterande sentrumsområde, med god kollektivdekning. Jordvern og samordna areal- og transportplanlegging har i stor grad lagt premissane for kommuneplanen. Jordvern og centralisert utbygging blir spesielt tydeleg i følgande kommuneplanføresegn om utnytting og bygningshøgde:

«5.1 Utnyttelse

Det skal være høy utnyttelse for å sikre jordvernet og samordnet areal- og transport. Boligtetthet skal vurderes med utgangspunkt i følgende kvalitetskrav:

- Nærhet til sentrum og kollektivtrasé
- ...»

Vi oppfattar kommunen som lojal til Regionalplan Jæren (ATP) og til kommuneplanen sin, og dei har ein streng praksis i forhold til dispensasjonar for tiltak i jordbruksområda. Kommunen er også deltakar i Bymiljøpakken, der nullvekstmålet i biltransport også er et positivt bidrag for jordvernet. Kommunen har, sett i forhold til andre kommunar på Jæren, eit lågt tal (KOSTRA) for omdisponering av dyrka jord. Trass i å ligge i ein region med stor vekst, har årleg omdisponering dei siste åra hatt ein nedgang.

Randaberg har elles, særleg ut i frå eit jordvernomsyn, utfordra regional og nasjonal vegmynde i å tenke alternativ til eit større vegprosjekt gjennom kommunen.

Generelt er vår oppfatning at jordvern lenge har vore eit fokusområde i Randaberg, og har fått ein større og viktigare status dei seinare åra blant både politikarar og administrasjon. Vi meiner Randaberg kommune er ein verdig kandidat til nasjonal jordvernpris.

Kvifor velje Randaberg kommune – oppsummert:

- Stort fokus landbruk som næring, og på jordvern
- Fokus på allmenngjering av jordvernet – «Den grønne landsbyen»
- Lite omdisponering gjennom fleire år
- Aktiv styring av vekst
- Innstramming langsiktig grense i samband med revidering av kommuneplan
- Fokus på effektiv arealutnytting og redusert transportarbeid
- Lojal om kommuneplanen, steng dispensasjonspraksis



Vår vurdering er at Randaberg kommune er ein god kandidat for jordvernpris på nasjonalt nivå.

Med helsing

Geir Skadberg
landbruksdirektør

Anfinn Rosnes
ass. landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Randaberg kommune Pb 40 4096 Randaberg